



NOTAT

Vedlegg nr. 6

Til: Styringsgruppa
Frå: Sekretariatet
Kopi: [Fyll inn]

Saksbehandlar/telefon:
Juan Manuel Santacruz
Vår dato: 27.09.2024

Sak 52/24 Vidareutvikling av styringsgrupper - Årshjul

Bakgrunn

Saka er ei oppfølging av styringsgruppa si sak 87/23 - vidareutvikling av styringsgrupper for byvekstavtalar. Det er utarbeidd fem overordna prinsipp med tiltak som kan bidra til forbetring og effektivisering i styringsgruppene (figur 1). Bestillinga frå styringsgruppa er at sekretariatet, i samråd med partane, kjem tilbake til styringsgruppa med forslag til rolle- og ansvarsbeskriving og årshjul som skal gjelde for Miljøløftet.


Forslaget skal ta utgangspunkt i vegdirektøren sine tilrådingar til felles rolle- og ansvarsbeskrivingar og årshjul for byvekstavtalar, og drøfting i møtet.



Figur 1 – Fem overordna prinsipp

Prinsipp 2 – Felles årshjul

Gjennom arbeidet med vidareutvikling av styringsgrupper for byveksttalar, vart det utarbeidd eit felles tematisk årshjul for styringsgruppene (figur 2). Årshjulet synleggjer rammene for nødvendig møteaktivitet i styringsgruppene gjennom året, og skal sikre ei effektiv og strukturert tilnærming til styringsgruppemøta. Det er ei forventning om at det tematiske årshjulet blir tilpassa Miljøløftet sin eigenart og prosessar. Det må gjerast ei vurdering av kva slags saker som bør behandlast i styringsgruppa og kva som er hensiktsmessig møtefrekvens.




Figur 2 – Tematisk årshjul for styringsgruppene



Miljøløftet

Oversikt gjeldande praksis i Miljøløftet

Modellen under viser korleis møter og prosessar i Miljøløftet slik praksis er i dag, fordeler seg i det framlagte årshjulet.




8-10

Møter i løpet av året

Ytterligere saker som behandles og orienteres om i styringsgruppen

- Kommunikasjon
 - Årlig spørreundersøkelse
 - Åpninger
 - Kampanjer
- Måloppnåelse
 - Trafikk og inntekt
 - Byindeks
 - Kollektivtall
- Status på større prosjekter
- Orienteringer
 - Reforhandling
 - Brev fra staten

Forslag til tilpassa årshjul for Miljøloftet 2025 (6 - 7 møter i året)



Figuren viser aktivitetar for to hovudprosessar som er sentrale for styringsgruppa (handlingsprogram og porteføljestyring) og to forvaltningsnivå (lokalpolitisk og styringsgruppa).

Årshjulet er interaktivt; sirkelen i midten er eit forklaringsfelt som viser detaljar for kvar aktivitet, avhengig av kvar ein peikar med musa. Prøv gjerne lenka til det interaktive årshjulet.



Miljøløftet

I dette forslaget er det lagt opp til seks faste møter i Miljøløftet si styringsgruppe, med mulighet for eit sjuande mot slutten av året, viss behov.

Tematisk sett fordeler årshjulet seg slik:

Møte 1: Styringsgruppa får framlagt innspel til prosjekt til nytt handlingsprogram, saman med ei vurdering av måloppnåing og modenheit.

Møte 2: Vedtak av handlingsprogram

Møte 3: Vedtak av årsmelding

Møte 4: Første tertialrapportering

Møte 5: Status måloppnåing

Møte 6: Andre tertialrapportering

Møte 7: Open

Den løpende porteføljestyringa og andre aktuelle saker, fordeler seg på desse 6-7 møta gjennom året.

Forslag til konklusjon: Styringsgruppa sluttar seg til forslag til årshjul for Miljøløftet.